

Husneslag vann julequizen

22.12.2012



Husnesingane som vann: Ørjan Harsvik, Svein Olufsen, Stein Gunnar Rørtveit, Ørjan Normann og Aage S. Røssland

16 lag stilte opp i julequizen som Systrene Nilsen arrangerte ikveld og 5 kunnskapsrike karer frå Husnes vann med ein margin på 5 poeng foran eit Uskedalslag som har lagt for dagen høg standard i ei årrekkje. Husnesingane kallar seg The Fluffers medan uskedalingane er Reds.

Quizen vart leia av Bjørn Sturle Hillestad som med si malmrøyst ikkje hadde problem med å bli høyrtd i eit lokale som ellers er prega av akustikkproblem. Han er profesjonell både med omsyn til røyst og kunnskap.



Uskedalingane som tapte såvidt: Hilde Bringedal, Frank Steinsletten, Bjørn Bringedal og Sammy Myklebust Hillestad var sjølv meister for spørsmål og serverte ei blanding som veksla mellom jula og andre tema. Kveldens nøtter var ikkje

dei store utfordringane, med unntak av mellom andre det aller siste:
Kva heitte dei 9 reinsdyra til julenissen?
Andre døme på julespørsmåla var namnet på dei tre vise menn,
kva musebestemora sat og gynga på, i kva land og av kven Glade Jul
vart skreve og kva ein kan danse etter Musevisa og På låven sitter
nissen.

Av dei 4 blokkane var nok geografien den lettaste med det ein
kan kalla standarspørsmål,
Sjølvsagt vart ikkje lokale tema gløymt. Ein heil bolk var ofra på det
og eit spørsmål i lokalbolken var ultralokalt:
Kor gamal er Hjørdis Nilsen?

Her er dei beste:

- 1. The Fluffers 51**
- 2. Reds 46**
- 3. Utflyttarane 44**
- 4. Indre luten 43**
- 5. Cocos Venner 41**
- 6. Ares harem 38**

Det var ein triveleg quizkveld som innebar at slagordet 'trivsel i sjøkanten'
kan utvidast til 'juletrivsel i sjøkanten'.
Systrene Nilsen er iferd med å byggja
opp ein posisjon på dette området med Bjørn Sturle som krumtappen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bjørn Sture Hillestad og Jannicke Myklebust medan quizen var på det mest hektiske